

Årsmelding



IL JOTUN FOTBALL 2021





Innhald

1. Styret.....	3
2. Utval / Roller	3
2.1. Sportsleg utval	3
2.2. Norway Cup	3
2.3. Faaberg-turneringa.....	3
2.4. Fair Play ansvarleg.....	3
2.5. Målrock	5
3. Møte/ viktige saker	5
4. Seriespel.....	6
4.1. 2021.....	6
4.2. Resultat i seriespelet	6
4.3. Utvikling tal lag 2011-2021	7
5. Turneringar	7
5.1. KM innandørs	7
5.2. Kongleriket miniputt.....	7
6. Økonomi	8
6.1. Fordeling inntekter	8
6.2. Fordeling kostnader	9
7. Utdanning (2010 – 2021).....	10
7.1. Status 2010-2021	10
8. Kvalitetsklubb.....	11
9. Representasjon.....	12
9.1. Møter/verv i NFF Sogn og Fjordane.....	12
10. Oppgaver i fokus	12
10.1. Utvikling.....	12
10.2. Årshjul.....	13
10.3. Aktivitet/tilbod	13
10.4. Organisasjon.....	18
10.5. Anlegg.....	19
11. Avslutning	19



1. Styret

Styret har i 2021 vore samansett slik:

Leiar:	Henrik Rønningen
Nestleiar:	Ruth Laberg
Fair-Play ansvarleg:	Ivar Otto Øren
Lagskontakt, barnefotball:	Rune Bolstad
Lagskontakt ungdom:	Merete Øren
Styremedlem:	Marianne Hestetun
Styremedlem:	Stine Sørli
Ungdomskontakt :	Tobias Furebotn

2. Utval / Roller

2.1. Sportsleg utval

Frank Eldegard, Monica Høl Øvstetun, Ørjan Loffheim, Veronica J. Hellebø, Stig L. Øvstetun, Bjørn Inge Morland, Tom Hellebø
Henrik Rønningen og Ruth Laberg har delteke frå styret.

2.2. Norway Cup

Norway cup avlyst i 2021. Utval her består av oppmenn-/kvinner til laga som reiser. I tillegg deltek ansvarleg styrerep for turneringar i denne gruppa. (Marianne Hestetun)

2.3. Faaberg-turneringa

Fåberg turnering avlyst i 2021. Ansvarleg turneringar styret i tillegg til oppmenn for laga som reiser. Marianne Hestetun ansvarleg frå styret.

2.4. Fair Play ansvarleg

Ivar Otto Øren (leiar), Torstein Grøv og Svein Øygarden. I 2020 bestemte styret at me skulle ha eit auka fokus på Fairplay. Ynskje var at me skulle dele ut fairplay pris i eigen klubb kvar mnd. Som i 2020 har også 2021 vore prega av korona. Men vi rakk å dele ut nokre prisar.

Ella mottok prisen blant anna for å vera den einaste jenta i Jotun som stiller opp som dommar, men mest av alt fordi ho torer å ta tøffe og modige val. Ho seier frå når noko ikkje er greitt. Ella haustar mykje skryt frå laga i Jotun og Jotun fotball håpar og ynskjer at Ella vil halde fram med dømminga. Gratulera så mykje med velfortent Fairplaypris for august 2021



I september vart trenarane på guttelaget tildelt Fairplay pris. Her var ein situasjon der dommar bles straffe. Dommar såg ikkje at linjemann hadde flagget oppe for offside og let straffen gå for heimelaget. Men da stoppa desse trenarane kampen og gav beskjed til dommar at heimelaget ikkje skulle ha straffen dei vart tildelt. Flott fairplayhandling !!



Julian Læg Reid vart tildelt fairplay for oktober. Ein motspelar fekk veldig krampar i foten på bana og Julian sprang til og hjelpte med ein gang. Julian stod ei stund og strekte ut foten til motspelar til at han til slutt reiste seg opp og held fram i spelet. Flott handling !





2.5. Målrock

Målrock er avlyst i 2021. Det var i hovedlaget bestemt at Målrock skal inn som eit samla ansvar i Jotun fom 2020. Dvs at alle grupper skal dele på ansvaret i arrangementet. Me var komne så langt at dugnadslister var sett opp og rigging var begynt i Meieriparken.

3. Møte/ viktige saker

Styret har hatt 8 styremøter denne sesongen.

Viktige saker:

- Arbeid rundt Kvalitetsklubb
 - Klubbesøk, arbeid med eigenmelding, resertifisering.
- Covid 19
- Fair Play arbeid
- Turneringar
- Bassengkiosk
- Jenter på feltet
- Utdanning
 - Dommarkurs
 - Grasrotkurs
 - trenarretteleiar
- Grøne arrangement
- IK og HMS arbeid i klubben
- Tildelt Kiwi Bama cup. Ambassadør Eat Move Sleep

Jenter på feltet: Jotun fotball fekk støtte av Sparebankstiftinga på søknad til eit prosjekt der me skulle samle jenter på feltet i ulike aldersklassar og inviterte frå nabobygdene til felles treningar og felles kveldsmat ein gang pr mnd. I samband med det skulle me også leige inn foredragshaldarar. Me har gjort avtale med professor Sundgot Borgen og trenarveileidar Johanson i Hordaland til dette føremålet. Dessverre, har dette vore utsett pga av pandemien. Men pengane og støtta me fekk er avsett slik at me kan setje i gang med ein gang det vert opna opp for meir aktivitet. Me har frist til 1 april for å ferdigstille dette arbeidet. Alt avheng av pandemien og kor høg aktivitet me kan ha.

4. Seriespel

4.1. 2021

Påmelde lag 2021:	33 lag
Tal aktive 2021:	313

Fotballgruppa har hatt stor aktivitet. Året 2021 har vore spesielt. Me kom i gang med seriespel. Men fekk ein stopp i august noko som gjorde at mange kampar vart utsett og måtte flyttast. Dette gjorde til at spesielt småguttelaget og guttelaget fekk mange kampar pr veke og det vart til tider store belastningar på spelarane.

4.2. Resultat i seriespelet

- 4 div kvinner vart nr 4 i serien
- J15/17 11ar vart nr.4 i sin avdeling.
- J13/14 9ar 2.div vart nr. 3
- G15/17 11ar 1. divisjon vart nr 3
- G15/17 9/7ar nr. 5
- G13/14 11ar vart nr. 1 (nr 2 i sluttspel)
- G13/14 9ar vart nr 2.




Lucas Bruheim og Isak Hove er blant dei to dommarane som har vore og sett aller mest på stadion i dommargjerninga i år. Desse og fleire av dei andre dommarane våre bidreg til at me kan ha seriespel kvart år.



4.3. Utvikling tal lag 2011-2021

IL Jotun fotball har hatt eit stabilt tal lag dei siste åra. I 2021 var det ein nedgang i tal lag, noko me trur har med pandemien å gjera. Totalt tal lag i 2021 var 34. Tre lag mindre enn i 20.



5. Turneringar

5.1. KM innandørs

Dessverre vart det ikkje arrangert KM innandørs i 2021. Pandemien gjorde at det var stopp i all aktivitet i vårhalvåret

5.2. Kongleriket miniputt

2021 har vore eit spesielt år også for Kongleriket. Pga korona vart ikkje den fyrste turneringane på vårsesongen arrangert.

Jotun arrangerte turnering i juni. Det var 2012 kullet som var arrangørar denne gang.

Inntektene er dårlege da det framleis er lite sal i kiosken. For å arrangere i tråd med covid reglar må ein samle ulike klassar og gjera deira kampar ferdige i løpet av ein halvannan time. Når ungar og vaksne er så kort tid på stadion vert salget begrensa.

Men ungene hadde det veldig kjekt, det er det viktigaste.

Sparebanken Sogn og Fjordane er hovedsponsor for Konglerike turneringane.



6. Økonomi

Fotballgruppa si økonomiske målsetnad er å driva med mest mogleg aktivitet for barn og ungdom, ut frå dei økonomiske føresetnadane vi har.

I 2021 har fotballgruppa ein omsetnad på kr 1.143.182,- (mot kr 1.027.813,- i 2020). Årets resultat viser eit overskot på kr 134.559,- (mot eit overskot på kr 188.854,- i 2020).

Hovedgrunnen til overskot er ca 100.000 i lågare baneleige. Delar av sesongen vart spolert av covid 19..Fotballgruppa er også tildelt minimalt med tid innandørs. Hovedsponsorane har likevel vore med oss slik at me endar året med overskot.

Det vert investert i drakter og utstyr gjennom heile sesongen.

Fotballgruppa er gjeldfri.

Årsomsetnaden er noko høgare enn i 2020. Me har også hatt høgare sal i bassengkiosken i 2021 enn i 2020. I tillegg fekk me nokre kampar med kamplotteriinntekter. Jotun fotball har dobbel så høg omsetnad som den nest største gruppa i Jotun.

Av alle midlar som kjem inn for overgangar av spelarar, er det beslutta å setja 50% av dette til spelarutvikling.

6.1. Fordeling inntekter

Driftsinntekter enda på kr 1.143.180,- (1.027.813,-)

Jotun fotball har søkt og fått kompensasjon for tapte inntekter i 2021.

Kiosksalg:

Her held foreldre og ungar open bassengkiosk.

Inntektene er ei viktig kjelde til å betale baneleige til kamp og trening.

Fotballgruppa kutta for mange år sidan eigenandel ved kamp. Inntekta frå kiosken er med å dekke dette i dag.

Dugnader:

Sal av billetter i bassenget har vore dugnaden i år. I tillegg har me arrangert Kongleriketurnering.

Sponsorinntekter :

Ein vesentleg del av inntektene til fotballen. Fordeling av hovedsponsorinntekter.

Futsal arrangement:

Grunna covid 19 vart det ikkje halde futsalturneringar i 2021



6.2. Fordeling kostnader

Andre driftskostnader var på kr 835.501,- (660.416,-)

Turneringar:

Jotun har kvart år delteke på Norwaycup og Fåbergturneringa. Begge desse vart avlyste i år. Kostander til turnering er difor ikkje bokført.

Baneleige er ein stor kostnad. I eit normal år betaler me 230.000 årleg, men i år vart den om lag halvparten. Grunnen til det er mindre aktivitet grunna covid 19.

7. Utdanning (2010 – 2021)

7.1. Status 2010-2021

- 90 trenarar er ferdige med UEFA C (Trenar 1)
- 10 på rekruttdommarkurs i 2021 på domarkurs futsal
- 1 trenar fullført UEFA-B i 2015/2016
- 1 trenar deltok på SFFK draumetrenaren
- 2 på leiar 4 i forbundet (25 utdanna kvart år, høgast leiarutdanninga i NFF)
- 2 utdanna trenarrettleiarar
- 1 på leiar 2
- 10 på leiar 1
- 0 på leiar 3
- 2 på UEFA B keeper trenar (2021)

Veronica Hellebø og Anita L. Øvstetun deltok på UEFA B keeper trenar:



Me ser at det er ei utfordring å halda på trenarane når egne ungar går ut av ungdomsfotballen, noko som vert ei viktig oppgåve å jobba med i åra som kjem.

Alle årsklassane både for jenter og gutar har utdanna grasrot hovudtrenar

Grasrottenarkurs i klubbhuset november 2021:

8 deltakarar

Me hadde med ivrige markørar som kosa seg meg pizza etter økta:



Dommarar:

Jotun har gjennom åra vore veldig flinke å arrangere dommerkurs. Dessverre har mange av dommarane valt å ikkje halde fram med dømning. Det tykkjer fotballgruppa er veldig trist. Årsakene kan vera fleire. Dei to siste sesongane har covid 19 gjort til at det har vorte færre kampar å dømme og kan vera noko som gjer til at dommarane gir seg.

Etter kvart som ungdomane vert eldre og går over til senior fotball har mange vald å gje seg med dømninga. **Me er 3 fotballklubbar i bygdi og me har alle eit like stort ansvar i å rekruttere og utdanne dommarar. Alle fotballklubbane i Årdal har eit stort ansvar her. Jotun har foreslege at alle klubbane bør gå saman å få lage ein dommapool. Jotun sende førespurnad til klubbane tidleg i 2021 men me har dessverre ikkje fått det til enno.**

8. Kvalitetsklubb

IL Jotun vart i 2015 sertifisert som kvalitetsklubb. Me vart resertifisert i 2017, det vil sei at vi er evaluert av NFF Sogn og Fjordane. Sertifiseringa er stadfesting på at ein har oppfylt krava til NFF innanfor områda aktivitet, organisasjon, kompetanse og samfunnsverdiarbeid.

I april 2021 gjekk me gjennom og fekk godkjent ny resertifisering som kvalitetsklubb etter nye kriteriar.



9. Representasjon

9.1. Møter/verv i NFF Sogn og Fjordane

- Styret deltok på kvalitetsklubbsamlingar digitalt med kretsen.
- Henrik Rønningen er leiar i seriekomiteen i fotballkrisen.
- Henrik Rønningen er kvalitetsklubbrettleiar i Sogn og Fjordane.
- Frank Roger Eldegard sit i valkomiteen i fotballkrisen.
- Styret og sportsleg utval deltok på kvalitetsklubbsamling i Kalvåg i september.
- 4 personar frå styret deltok på kretsting i november 2021.
- Ruth Laberg har -/er medlem i prosjektgruppa for Grøne Arrangement i fotballkretsen.
- Arne Håkon Laberg er vara til valkomiteen i Sogn og Fjordane Fotballkrets.
- Henrik Rønningen sit i redaksjonskomiteen i NFF Sogn og Fjordane

10. Oppgåver i fokus

10.1. Utvikling

Ytterlegare utdanningsfokus og vidareutvikling av sportsleg utval vil være eit kontinuerleg arbeid kvart einaste år. Utdanne leiarar og tillitsvalde vil og bli eit satsingsområde i åra som kjem. Det er meldt til kretsen om ynskje om å ha alle 4 delkurs i eigen klubb.

Fairplay vil bli fokusert veldig mykje på i komande periode. Me opplever mykje positivt men dessverre også ein del negativt. Laga vil koma til å merke at Fairplay vert noko av dei viktigaste oppgåvene me jobbar med framover.

Halde fram arbeidet med «Rein Klubb» i tråd med retningslinene til hovedlaget. Fotballgruppa skal også delta i prosjekt med hovedlaget i Trygg på trening.

10.2. Årshjul

Årshjul kom på plass i prosessen rundt resertifisering av kvalitetsklubb.

10.3. Aktivitet/tilbod

Me ynskjer å utvida treningstilbodet og delta i fleire turneringar. Det skal være kjekt å vere med i gruppa, både for born og foreldre, aktive og støtteapparatet. Trivselstiltak vil bli ein prioritet. Me har trua på at 2022 skal bli eit år der aktiviteten kjem i gang att for fullt.

Sesongavslutning ungdomsfotball:



I desember fekk me endeleg arrangere ungdomsfesten som me hadde planlagt i to år. Jentene og gutane kom fint pynta i dress og kjolar. Ein flott gjeng med ungdomar. Taco og brus vart servert. Fotballgruppa ville kjøpe inn varer og lage maten sjølv. Ein del av styret bidrog med steiking av kjøttdeig og hakking av grønnsaker i tillegg til at borda vart dekkja.

I opningstalen overraska leiaren vår Henrik Rønningen oss med at Årdal Catering sponsa heile festen vår. Ei stor takk til Henrik og Jan Tore. De er gull !



Ei helsing frå Guttelaget: 15/17



BLÅ	SVART	RØD	GUL	ORANSJE	KVIT
Jaran Aspevik Jonas Hellebo Morgan Joakim N Julian L Kristoffer E. Bjerkum Sondre Bale	Rune Steinegger Jørgen Klingenberg Olav Holsæter Alexander Høndal Arvid Løngreid Martin Morland	Sigve Saur Midtun Markus Dahl Isac Bergerud Kevin Løngreid Niklas Dvergedal Theodor Høyum	Heine Hunderi Orjan Øyre Osen Isac Ø. Nundal Sahil Mos Theo Kopperdal Tobias Furebotn	Matheo Sem-Johansen Petter S. Øren Elias Trollebo Isak Ø. Hove Simen Hestetun Christoffer Vamråk	Thomas Hellebo Jonas Walaker Oskar Grenager Lukas Bruheim Sondre Hestetun Dennis Hunderi



Bileta over frå ei intern turnering i Årdalshallen.

Gutar G15/17

Guttelaget til Jotun har hatt ein stor spelargruppe bestående av inntil 42 registrerte spillere. Det har vært godt oppmøte på treningane gjennom heile året. I løpet av sesongen har nokon av guttespelarane vore på hospitering av ÅFK, samtidig som det har vore hospitanter fra småguttelaget i guttelaget sine treninger. Det var ved sesongstart påmeldt et 11'lag i divisjon 1 , et 11'lag i divisjon 2, samt et 9'r lag.

Fotballsesongen ble også i 2021 påvirket av Covid-19 pandemien i form av utsett sesongstart og redusert antall seriekamper. I tillegg blei det ingen deltaking i Norway cup, som følge av avlysning av turneringen. Under koronaen var me kreative og hadde inneturnering med blanda lag ,me hadde og internkampar nokon laurdagar ute for og halda det i gang.

Det blei i divisjon 1 spelt ein grunnserie med 10 kamper. Der ble status for laget 5 singlar, 2 uavgjort og 3 tap med 39 -26 i målforskjell. I sluttspilet bli det spelt 4 kamper, der guttelaget kvalifiserte seg til og vann bronsefinalen.

I NM kvalifisering G16 nådde laget 2. runde. I første kamp ble det en sterk borteseier 1-2 mot Førde, før det i neste runde ble exit med tap 2-4 mot et sterkt Sogndal.



I divisjon 2 ble det i vårsesongen spelt 10 kamper. Her blei status 4 seiere og 6 tap, med 27-53 i målforskjell. I høstsesongen blei det spelt 6 kamper som endte med 2 seiere og 4 tap.

Det blei tidlig i august bestemt å trekke 9'r laget fra vidare spel, som følge av frafall fra spelarar. Spelarar fra dette laget bidro resten av sesongen med spel for laget i 2. divisjon .

Og utenom fotball hadde me nokre intervall økter med Jon Terje Øvstetun. Dette var i tillegg veldig sosiale .Konkurransen instinktet var på plass her 😊 Mange gode diskusjonar.



Småguttelaget G 13/14:



Småguttelaget til Jotun har hatt ein veldig bra sesong. 11'ar laget vann serien og vart nr 2 i sluttspillet etter ein spennande finale på Campus Fosshaugane. 9'ar laget vart nr 2 i serien. Treningar gjennom sesongen har vore Davy van Menxel, Ove Reidar Grytbakk og Kjell Bjarne Nilsen som har gjort ein veldig god jobb med gutane.

Kretstiltak:

Jenter fødd 2008 har tre jenter som er med på kretslaget. Bertine Hellebø, Sara Laberg og Ella B.Hestetun

Ella spelar også på Team Sogndal.

Adrian Høyum frå gutar 2008 er også utteken til kretslaget.

Frå 2007 kullet har Julian Læg Reid, Edward og Thomas Hellebø vore på kretstiltak. I tillegg er Thomas, Julian og Oskar Grenager uttekne til å vera med på NG 16 laget til Sogndal Fotball.

Damelaget 2021:

Etter iherdig jobbing klarde Geir Frode Rudi å få i gang eit 7'ar damelag i sesongen 2021.



Flott innsats av damene heile sesongen som på nokre kampar hadde god hjelp av jentespelarar.

Småjentelaget til Jotun har bestått av jenter frå 2008 og 2007 kullet.

Dei har spelt 9ar serie og trenarane på laget har vore Stig Laberg Øvstetun, Veronica Hellebø, Ørjan Hestetun og Anita Laberg Øvstetun.



I barnefotballen er det lag i alle kull. I 2009 kullet for gutar har det vore få gutar og dei har hatt hjelp av gutar 2010 og gutar 2011 for å få gjennomført kampane sine.

Nokre av barnefotballkulla deltok på Eat Move Sleep cup i Sogndal i oktober. Veldig kjekk turnering. Nokon av kulla valde å reise på cup i Valdres. Veldig fornøgde alle.

Andre utmerkingar:



Stig Laberg Øvstetun og Geir Frode Rudi vart utnemnt til kandidatar om å bli årets grasrottrener i Sogn og Fjordane. Geir Frode fekk flest stemmer og gjekk vidare til landsfinalen, der han dessverre ikkje nådde opp blant dei 5 beste.

Geir Frode Rudi vart også tildelt NFF Sogn og Fjordane sin blåe diplom på kretstinget i november 21.

Eineståandes innsats for frivilligheiten . Takk for jobben de gjer !

På kretstinget fekk også vår kjære leiar Henrik Rønningen utdelt Grønt merke med diplom for lang og tru teneste.



Dei fleste i styret i Jotun har fullt opp å gjera med 100 % jobb og familie utanom Jotun fotball. I tillegg er fleire av oss djupt inni fleire verv. Me håpar difor at me får fleire med og kan løfte denne viktige oppgåva som Jotun fotball er inn i 2022.

Tusen takk til alle som stilte opp på dugnad og tusen takk til dei to kioskansvarlege Elin Haug og Anja Myklemyr for å setje saman ordensreglar og vaktlister for kiosken. Dei har valt å ikkje bli med vidare i 2022. Det er veldig synd, men me håpar me kan få innatt nokon som tek denne oppgåva.

10.4. Organisasjon

Det er eit stort behov for fleire hjelpande hender i fotballgruppa, i og utanfor styret. Dette arbeidet har høg prioritet framover.

Som ein av dei få gruppene i Jotun, har Jotun fotball fått på plass ungdomsrepresentant. Tobias Furebotn er også dommar i klubben.

10.5. Anlegg

Fotballgruppa ser fram mot at rehabilitering av Jotun stadion kjem i gang. Spelflatene i Årdal er altfor få, noko som fører til mindre aktivitet enn det vi ynskjer. Ein stadion som ligg



ubrukt 7-8 mnd i året har ingen nytte av. Eit så flott anlegg bør nyttast og kva er vel kjekkare enn å sjå eit yrande liv med barn og ungdom der kvar einaste dag. Dei gode mellomdistanseløpareane og sprintarane i friidrettsgruppa fortener også at det går fortgang i rehabilitering av nytt løpedekke.

I kommunestyret før nyttår, vart anlegga omprioriterte, der politikarane gjorde vedtak om å utsetje Jotun stadion til 2023 og heller prioritere kunstgras på Cuba.

11. Avslutning

Takk!

Takk til alle foreldra som stiller opp på dugnad for fotballgruppa! Dette er ein innsats me er heilt avhengige av. Treinarar, lagleiarar, oppmenn, kampvertar, kioskvaktar, sjåførar, kakebakarar og andre nyttar tusenvis av dugnadstimar for at klubben skal kunne tilby ein brei aktivitet til born og unge.



Takk til 2012-kullet, for ein flott organisert korona-Kongleriket turnering. Ei stor takk til Tom Hellebø som tok på seg å vera spelarutviklar i Jotun fotball. Han kom inn som eit friskt pust og har alt hatt mange timar på bana og i møterommet. Sportsleg utval har vore noko redusert, da uventa sjukdom og andre høve gjorde til at det har vore redusert aktivitet i arbeidsutvalet i sport. Men likevel må me trekke fram Frank Eldegard som har vore med i utallige møter i fotballgruppa. Møter dei som står utanfor ikkje ser, men som krev mange timars arbeid. Takk Frank for formidabel innsats !

Takk til seniorgruppa i IL Jotun for god hjelp under Kongleriket- turneringa. I tillegg stiller desse spreke pensjonistane på alt fotballgruppa spør dei om.

Takk også til ÅFK som stilte opp med mange spelarar for dømning under Kongleriket.

Og sist men ikkje minst. Tusen takk til hovedsponsorane Årdal Kraftlag, Sparebanken Sogn og Fjordane og Årdalsnett for at dei har støtta oss i denne vanskelege tida. Takk til Årdal Kjemiske fagforening for støtte til aldersbestemt fotball kvart einaste år. Tusen takk også til alle småsponsorar som alltid er positive når me kjem og ber om gåver til basarar og loddsal. Ei spesiell takk til Anders Grøndal på Bunnpris om alltid er imøtekomande og positiv når fotballen ber om noko.



Det er starta samtalar om klubbsamarbeid. Endring i breiddereglementet har opna for dette etter 01.01.22. Jotun ynskjer klubbsamarbeid med ÅFK der ein vil ha med alle laga i ÅFK og alle gutelaga i Jotun. Med denne modellen slepp våre gutespelarar å velja vekk gutefotballen for å spela seniorfotball på høgaste nivå. Dette gjev oss den beste utviklingsarenaen for gutespelarane. IL Jotun skal gi eit fotballtilbod til alle, anten du vil satsa på fotballen eller ha den som hobby. For å dette til treng me frivillige og engasjerte vaksne.

Me ynskjer engasjement, gode, konstruktive diskusjonar og eit godt tilbod til alle som ynskjer å spele fotball. Det får me til i dag, men kan bli betre på alle frontar. Til det treng me gode rollemodellar i mange roller og utval i gruppa. Me oppfordrar alle til å ta kontakt med styret om det er noko du kunne tenke deg å bidra med!


Me ynskjer alle ein god fotballsesong i 2022!

-Styret-



Henrik Rønningen (leiar)


Rune Bolstad (lagskontakt born)



Ivar Otto Øren (Fair Play ansv.)


Marianne Hestetun (turnering)


Ruth Laberg (nestleiar)


Tobias Furebotn (ungdomskontakt)


Merete Øren (lagskontakt ungdom)


Stine Sørli (arrangementsansvarlig)